

Fra: Ingebjørg Bosvik [joergbos@online.no]
Sendt: 16. september 2013 19:40
Til: NVE
Emne: Sak 200702715 Storavatnet - Erko settefisk

Som nabo og ivrig brukar av Storavatnet og områda rundt, er eg uroa over planane om oppdemning/ nedtapping av Storavatnet. Eg må tilstå at eg kan lite om konsekvensane av dette, så eg møtte på infomøtet som Erko settefisk hadde. Det virka diverre som om representanten frå Erko ikkje visste stort meir.. På spørsmål om kva som skjer om ein tapper etter at isen har lagt seg på vatnet, var svaret at om vatnet synk så føl isen etter. Me spurte om isen framleis trygt kunne brukast for skuleklassar, og fekk til svar at han kunne ikkje ta ansvaret for om det drukna ein unge på Storavatnet..

Eg har lese rapporten som " rådgivende biologer" har utarbeida, og får ikkje denne til å stemma .(det som stemmer i rapporten, er at det ikkje berører samiske interesser eller reindrift)

Storavatnet er mykje brukt både sommar og vinter. Skuleklassar brukar det til kano/kajakpadling, og når isen legg seg er det eit yrande liv på isen. Det er laga flott lysløype som er mykje brukt. Her vil truleg enkelte parti liggja under vatn om det blir demma opp.

Det er og uro kring kva som skjer med motorcrossbana i Hustrudalen om vatnet stig.

Det er mykje aure i vatnet, og det er og fanga laks her. Går ein langs vatnet, kan ein sjå auren vaka.

I Fylkeskommunen sin rapport er Storavatnet klassifisert som svært viktig.

Eg har ingen sterke meiningar hverken for eller imot oppdrettsanlegg, men eg er redd næringsinteressene her vil øydeleggja det flotte området rundt Storavatnet, og at konsekvensene av nedtapping ikkje er nok klarlagt.

At Pedersen i Erko forsikrar oss om at han ikkje skal demma opp, og at han skal ta ut minimale mengder vatn, held ikkje. Det står noko anna i søknaden.

Mvh
Ingebjørg Bosvik
Gruva 10

Sendt fra min iPad